



Til alle fylkeskommunar  
og Oslo kommune

**Opplæring innan kriminalomsorga:  
Informasjon om konvertering av skulenettløyising i norske fengsel i 2015 -  
frå Internett for innsatte (IFI) til Desktop for skolen (DFS)**

Fylkesmannen i Hordaland (FMHO) har tidlegare i tilskottsbrev og i kommunikasjon med teknisk ansvarlege på skulane informert om at Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) har vedteke at *Desktop for skolen* (DFS) skal vere einaste internettløyisinga for ansvarlege skular i norske fengsel.

KDI har utvikla DFS for å oppnå ei meir stabil løysing der vedlikehald og support vil bli gjort sentralt av KDI. I tillegg er det ei rekkje sikkerheitsbetringar i løysninga. Det er òg lagt vekt på enklare høve for kontroll for fengsla. Eit viktig mål for KDI er sjølvstøtt at løysinga skal dekke dei pedagogiske behova til skulane.

KDI har allereie rulla ut DFS i skular i ein del fengsel, mellom anna der det ikkje var nettløyising tidlegare. Vi syner òg til tidlegare publisert evalueringsrapport frå piloteringa av DFS i 2012. No er turen komen til dei fengsla som i dag har *Internett for innsatte* (IFI); her skal ein altså konvertere frå IFI til DFS i løpet av 2015.

**Hovudforskjellane mellom IFI og DFS - kva inneber endringa for skulane?**

Det er viktig at fylkeskommunane og skulane er klar over endringane som konvertering frå IFI til DFS fører med seg. Hovudskilnaden vil vere at fleire oppgåver blir sentraliserte med DFS. Dette legg nye, nasjonale rammer for skulane sine val av pedagogisk programvare.

I IFI-løysninga er det hovudsakleg internettfilteret som er sentralt, medan resten av løysninga har lokal programvare og lagrar filer lokalt. Dataansvarlege på skulane har i IFI sjølv lagt inn programvare. Det sentrale internettfilteret blir vidareført i DFS, men programvare og filer blir lagra i ein nasjonal sentral hos KDI. Med DFS skal alt innhald og programvare leggjast inn og driftast sentralt av KDI.

Med DFS vil derfor skulane jobbe ut frå ei nasjonal, standardisert fellespakke med pedagogisk programvare. KDI har som målsetjing at fellespakka skal dekke mest mogleg av skulane sine behov for pedagogisk programvare, og skulane vil få tilgang til ein del lisensfri programvare som dei ikkje har i dag. Ein må likevel vere merksam på at skulane med DFS ikkje vil få tilgang til all pedagogisk programvare ein kan bruke i IFI i dag. Ei liste over programvare i fellespakka blir publisert innan 14.april.

Mange skular har i dag eigne nett til bruk for til dømes arbeid på lærarværelset. KDI vil stenge alle slike nett i løpet av 2015, men vil ikkje gjere dette før dei har gitt tilsette i skulen tilgang til nødvendige skuleadministrative arbeidsverktøy i DFS.

### **Alternativ til DFS**

Om nokre vel å takke nei til bruk av DFS, vil KDI likevel stenge IFI-nettet innan utgangen av 2015. Alternativ vil då bli frittstående PC 'ar der skulane er ansvarlege for at maskinane ikkje har høve til ekstern kommunikasjon. Det inneber at ein må konfigurere/endre ein normal PC slik at ingen form for kommunikasjon er mogleg. Eit slikt oppsett skal i så fall bli godkjent av KDI, sidan det finns fleire måtar å løyse dette på. Alt kabla nettverk i klasserom/lærarrom vil bli fjerna og det er ikkje høve for skulen å ta med noko form for eige nettverksutstyr, heller ikkje internettkommunikasjon for lærarar. Ein vil gjere sikkerheitsmessig sjekk av dette. Med denne løysinga står skulane sjølve for all drift og vedlikehald av maskinar, programvare osv.

### **Tidsplan**

KDI vil konvertere alle skular som har IFI til DFS innan utgangen av 2015. Ca. 17 skular vil bli konvertert før sommaren og dei resterande i haustsemesteret august – november. Kvar skule vil få individuell informasjon før konvertering, nokre har allereie blitt kontakta. Sjå vedlagde utrullingsplan.

### **Opplæring**

Det vil vere opplæring for tilsette i skulen. Fylkesmannen i Hordaland vil bidra til opplæringa. Ein vil gå gjennom funksjonalitet med fokus på endringar frå løysninga i dag. Slik opplæring vil i størst mogleg grad skje straks etter at kriminalomsorga har gjort konverteringsjobben lokalt. Ein vil òg prøve å samle skular i same område til felles opplæring. Det blir sendt ut individuell informasjon knytt til tidspunkt og deltaking. Ei brukarretteing for DFS vil bli publisert innan utrullinga startar opp.

### **Samling om organiseringa på skulesida**

Fylkesmannen i Hordaland vil innan kort tid sende ut invitasjon til ei samling der ein vil diskutere korleis fylkeskommunane kan organisere seg og eventuelt samordne seg i arbeidet med DFS, med mål om å dekke dei skulefaglege behova på best mogleg måte. Samlinga vil finne stad tysdag 14.april i Bergen.

### **Spørsmål og kontakt**

Om de har spørsmål rundt innhaldet i dette brevet, kan de kontakte Cecilie Høisæter [fmhochth@fylkesmannen.no](mailto:fmhochth@fylkesmannen.no) , tlf: 55 57 20 29.

Med vennleg helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Cecilie Torsvik Høisæter  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi: Rektorar for dei vidaregåande skulane som har opplæring innan kriminalomsorga

Vedlegg: Konverterings- og opplæringsplan tom sommaren 2015